



Hyssingen produksjonsskole



01.11.18

Evaluering av Hyssingen produksjonsskole



OM RAPPORTEN

Ansvarleg avdeling/eining: Opplæringsavdelinga; OT/PPT
Kontaktinformasjon/ e-post: OTPPT@hfk.no
Dato/ev. versjonsnr: 01.11.18, versjon 1

Rapporten er utarbeidd av leiar for OT, regionleiar for sør og Voss/Hardanger og konstituert seksjonsleiar OT/PPT. Verkstadleiarane og dagleg leiar på Hyssingen produksjonsskole har bidrege med relevant dokumentasjon.

INNHALD

BAKGRUNN FOR OPPRETNING AV HYSSINGEN PRODUKSJONSSKOLE.....	5
PRESENTASJON AV HYSSINGEN PRODUKSJONSSKOLE	7
Bygget	7
Organisasjonen	7
Organisasjonskart/tilsette	8
Personalet	9
INNTAK	9
Målgruppe og innsøking	9
OPPFØLGINGSTENESTA (OT) OG PEDAGOGISK PSYKOLOGISK TENESTE (PPT).....	10
Oppfølgingstenesta (OT)	10
Pedagogisk psykologisk teneste (PPT).....	10
PRESENTASJON AV VERKSTADANE	11
Generelt om produksjonen	11
Verkstadane	11
Design- og handverkverkstaden («DH»)	11
Kulturverkstad («KV»)	12
Restaurant- og matfagverkstad («RM»)	13
Bygg- og anleggsverkstad («BA»).....	14
Organisering av dagen.....	15
Arbeidsdagen	15
Oppmøte.....	16
DANSK PRODUKSJONSSKULEMODELL	17
Frå dansk til norsk modell	18
Danning gjennom produksjon.....	18
«Skussmål»	19
SAMARBEID OG UTVIKLING.....	19
Samarbeid som grunnlag for drift.....	19
Mentorprosjektet	20
Internasjonalt arbeid	21
Psykisk helse	21
TILSTANDSVURDERING	22
ØKONOMI- INNTEKTER OG UTGIFTER	23

Rekneskap 2015 til og med september 2018	23
Utvikling - inntekt av elevproduksjon	23
VIDAREUTVIKLING AV PRODUKSJONEN VED SKULEN	24
TILBAKEFØRING TIL OPPLÆRING OG/ELLER ARBEID	24
- kva veit me om aktiviteten til dei unge i dag?	24
VEGEN VIDARE	26
Hardanger produksjonsskule	26
TILRÅDING	26

Bakgrunn for oppretting av Hyssingen produksjonsskole

Arbeidet med å betre gjennomføringa i vidaregåande opplæring er eit prioritert område både nasjonalt og regionalt, og fleire ulike tiltak vert utprøvd for å førebyggje varig utanforskap og medverke til at fleire unge gjennomfører vidaregåande opplæring. Målet med dei ulike tiltaka er å utvikle gode, systemretta og berekraftige tiltak i samarbeid med ungdomsskular, arbeidslivsorganisasjonar, NAV, sosial- og velferdstenester m.fl, for å styrke overgangen for elevar mellom ungdomsskulen og vidaregåande opplæring, og for å følgje opp, kvalifisere og motivere ungdom som har falle ut av opplæringa slik at dei vender tilbake til ordinær opplæring eller arbeid (Meld.st 20 *På rett vei* (2012-2013)). Fylkestinget vedtok i sak 75/12 at Hordaland skal ha 80 % gjennomføring i 2015. For å kunne klare denne målsettinga vedtok fylkestinget i sak 1/13 at fylket skal etablere forsøk med produksjonsskule som eitt av tiltaka for å lukkast.

I styringsdokument for utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane i Hordaland 2013 - 15, vedtak i OPHE sak 16/13, står det at hovudmålet for all pedagogisk verksemd skal vera auka læringsutbyte og fullføring. Etablering av ein produksjonsskule vil vera eit godt bidrag i dette arbeidet, då «ungdomane skal få grunnleggjande samfunnskunnskap, kjennskap til vanlege rutinar i arbeidslivet, styrke sosial kompetanse og dyktiggjere seg på å gå vidare i utdanning» (Prosjektplan 08.05.2013 s.7). Prosjektplanen for produksjonsskulen i Hordaland; *Produksjonsskule – Danning gjennom produksjon* har hovudmålet: «Auka gjennomføring i vidaregåande opplæring. Produksjonsskulen skal medverke til varig reduksjon av ungt utanforskap gjennom samanhengande opplæringslaup i uavbrote kjede». Prosjektmålet er: «Produksjonsskuledeltakarane skal klare å gjennomføre kompetansegevande aktivitet etter eit opphald på produksjonsskulen». Føremål med produksjonsskulen er å redusere fråfall i vidaregåande opplæring. Hordaland fylkeskommune ynskjer å sikre rask tilbakeføring til skule eller anna opplæring, når elevar fell frå tilbod i vidaregåande opplæring, eller ikkje tek til i opplæring/arbeid etter avslutta grunnskule. Satsinga på produksjonsskulen handlar difor om å utvikle gode individuelle og organisasjonsmessige læringsprosessar, nye måtar å organisere opplæringa på, og å styrkje tverrsektoriell samhandling. Målet med tiltaket er å auke høvet til å lukkast i vidare utdanning og arbeidsliv.

I samband med handsaming av skulebruksplanen i fylkestinget 12. -13. mars 2013 blei det gjort slikt vedtak: «Fylkestinget vedtek at forsøk med produksjonsskule i Hordaland etter dansk modell skal utgreiast med tanke på oppstart 2014. I første omgang vert Laksevåg vurdert som produksjonsskuletilbod». I fylkesutvalet 20.06.13, sak 165/13, vart det samrøystes vedteke å «styrka ramma til opplæringsavdelinga med 5 millionar kroner pr år i prosjektperioden 2014 – 2017. Midlane skal definere utprøving av produksjonsskule i Hordaland». Møllendalsveien vart valt som produksjonsskulestad, og tiltaket starta opp i januar 2015.

I fylkestingsak, PS 15/2018, 6.mars 18, *Vurdering av framtidig behov for produksjonsskular*, gav fylkesrådmannen ei vurdering av kva behova er i ungdomsgruppa som har slutta i vidaregåande opplæring, og kva ansvar fylkeskommunen har for denne gruppa. I saka vart det vist til kva erfaringar Hordaland fylkeskommune har gjort med gjennomføring og resultat frå Hyssingen produksjonsskole. «Fylkestinget vurderer produksjonsskule som ein god alternativ opplæringsmodell og eit tilbakeførande tilbod som

syter for fylkeskommunen sitt ansvar for store deler av gruppa av ungdom som er utanfor opplæring og arbeid».

Rapporten *Evaluering av Hyssingen produksjonsskole* gir ein gjennomgang/presentasjon og evaluering av Hyssingen produksjonsskole, og har særskild merksemd retta mot det som var føremål med forsøket; tilbakeføring til opplæring og arbeid/gjennomføring.

Presentasjon av Hyssingen produksjonsskole

BYGGET

Hyssingen produksjonsskole vart etablert januar 2015, som den fyrste produksjonsskulen i Noreg. Skulen er lokalisert i Møllendalsveien, om lag tre kilometer frå Bergen sentrum. Møllendal er ein bydel i utvikling med god tilgjengelegheit og planlagt bybanestopp nær skulen. Produksjonsskulen held til i tidlegare Norsk Hyssingfabrikk frå 1938; eit 1300 kvm stort og godt, nyoppussa industribygg.



ORGANISASJONEN

Hyssingen produksjonsskole er definert som eit OT- tiltak for å redusere fråfall i vidaregåande opplæring. Oppfølgingstenesta (OT) er innsøkjande instans, og fordeling av ansvar er forankra i ein samarbeidsavtale.

[https://www.qmplus.com/qmplus/ShowFile/7500/0/0/0/0/Samarbeidsavtale_-_Hyssingen_og_OT.pdf?Company=hfk GJER TILGJENGELEG –BLÅ \[Vedlegg?\]](https://www.qmplus.com/qmplus/ShowFile/7500/0/0/0/0/Samarbeidsavtale_-_Hyssingen_og_OT.pdf?Company=hfk GJER TILGJENGELEG –BLÅ [Vedlegg?])

Det er 40 plassar ved skulen, fordelt på fire ulike verkstader. I tillegg driv ein kafé i skulen sine lokale. Dei fire undervisningsverkstadane er: Restaurant og matfag («RM»), bygg og anlegg («BA»), design og handverk («DH») og kulturverkstad («KV»). Ungdomen vert knytt til ein av verkstadane, men ein treng ikkje ha som mål å gå vidare til utdanning eller arbeid knytt til det aktuelle faget på den einskilde verkstaden. Dei ulike verkstadane vert presenterte lenger bak i rapporten.


Hyssingen produksjonsskole føl ikkje ordinær fylkeskommunal skulerute, m.a fordi det er kontinuerleg inntak, men erfaring tilseier at ungdomane treng ferie på lik linje med ordinære elevar for å oppretthalde motivasjonen. Dei vaksne nyttar «ungdomsfrie periodar» til planleggingsdagar, ferieavvikling og eventuell avspasering. Ein nyttar ikkje dei tradisjonelle omgrepa lærar og elev, men brukar vaksen og ungdom.

ORGANISASJONSKART/TILSETTE

Skulen har 9,5 årsverk fordelt på dagleg leiar, administrasjonsleiar (50 %), verkstadleiarar og kafémedarbeidar. Det er i gjennomsnitt 1 vaksen på 6 ungdomar. Skulen er godkjent lærebedrift i kokkefaget, og har to kokkelærlingar tilknytt kafédrifta.

Hyssingen produksjonsskule

(gjeld frå 01.08.18)



Dagleg leiar rapporterer til regionleiar for region sør og Hardanger i opplæringsavdelinga. Dagleg leiar, regionleiar, seksjonsleiar OT/PPT og leiar for OT møtast i ressursteam ein gong i kvartalet. I prosjektperioden har målsettinga med møta vore:

- Bidra i Hyssingen produksjonsskole sitt utviklingsarbeid
- Vidareføre produksjonsskulen sin metode til også å kunne brukast i ein nasjonal produksjonsskulemodell
- Utarbeide ny struktur for arbeidsroller for medarbeidarar
- Økonomi
- Vurdere og kvalitetssikre samarbeid med OT, NAV og andre instansar

PERSONALET

Erfaring tilseier at det er behov for verkstadleiarar og tilsette med kunnskap i dei ulike produksjonsfaga. Fleire av dei tilsette har kompetanse frå relevant yrkesliv kombinert med anna erfaring frå arbeid med brukarar med ulike utfordringar; psykisk helsevern, arbeidstrening for rusmisbrukarar og asylmottak. Den tilsette bør i tillegg ha god kompetanse innan rettleiing; både sosialpedagogisk- og karriererettleiing. Skulen ser eit behov for auka kompetanse innanfor det sosialpedagogiske feltet. Det er ikkje krav om pedagogisk utdanning ved tilsetting av personale, men pedagogisk kompetanse er ein styrke. I Hyssingen produksjonsskole har tre verkstadleiarar lærarbakgrunn, med erfaring frå grunnskule og vidaregåande skule. Ein verkstadleiar har spesialpedagogisk kompetanse.

Inntak

MÅLGRUPPE OG INNSØKING

Målgruppa på Hyssingen produksjonsskole er ungdom mellom 16 og 21 år som har falle frå enten yrkesfagleg eller studieførebuande utdanningsprogram, og som treng ein ny veg inn i vidaregåande opplæring eller arbeid. Ein føresetnad for å ha rett til inntak til produksjonsskulen er at ungdomen har rett til vidaregåande opplæring etter forskrift i opplæringslova § 13-2.

Det er kontinuerleg inntak gjennom året. Ungdomane som er i ferd med å falla ut av opplæringa blir «henta inn» av OT-rådgivarane, som er geografisk fordelte og deltek i avklaringssamtalar med ungdomane. OT- rådgivarane utfører kartlegging av potensielle søkjarar, før det blir avtalt ei omvising på produksjonsskulen. Alle søknader om opptak må vere baserte på ungdomen sin eigen motivasjon og gjerne også interesse for eitt av fagområda. Ungdomane får, etter omvising og samtale på produksjonsskulen, tilbod om å prøve ut tiltaket i to veker før det vert

skrive avtale om opplæring. Er ikkje oppmøtet tilfredsstillande i prøveperioden, eller det er føresetnader som gjer deltaking utfordrande, vert prøveperioden vidareført. I samråd med OT er det bestemt ikkje å overskride seks veker prøveperiode.

Ungdomane kan vere på produksjonsskulen i opp til eit år, med muligheit for å søkje om seks månadar forlenging dersom innsøkjande instans, i samarbeid med den unge, finn det føremålstenleg. Ungdomane brukar ikkje av opplæringsretten sin, og har dermed ikkje formell elevstatus. Gjennom deltaking på skulen skal ungdomen få danning og kvalifisering gjennom praktisk arbeid og ein produksjon, lære om arbeidslivet sine spelereglar, få opplæring i grunnleggjande ferdigheitar etter behov og få naudsynt rådgiving.

Oppfølgingstenesta (OT) og Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

OPPFØLGINGSTENESTA (OT)

OT utgjer ein del av seksjon OT/PPT i Hordaland. Føremålet med OT er å sørge for at all ungdom som høyrer til målgruppa får tilbod om opplæring, arbeid, andre kompetansefremjande tiltak, eventuelt ein kombinasjon av desse. Jf. §3–6 i opplæringslova.

Fylkeskommunen har ansvar for all ungdom mellom 16 og 21 år som:

- a) ikkje har søkt eller teke imot elev- eller læreplass
- b) avbryt slik opplæring
- c) ikkje er i arbeid
- d) har tapt opplæringsretten som følgje av vedtak om bortvising med heimel i opplæringslova § 3-8
- e) som følgje av vedtak om heving av lærekontrakt eller opplæringskontrakt i med opplæringslova § 4-6

Produksjonsskulen har ei 20 % stilling lokalisert på produksjonsskulen som er med på inntak, og samarbeider om rettleiing og koordinering mot andre etatar og samarbeidspartnarar. Verkstadleiarar, og eventuelt dagleg leiar, samarbeider med den einskilde OT- rådgivar gjennom faste møte, men også ved behov. Det er ofte naudsynt å kople på eksternt hjelpeapparat, og det vert oppretta ansvarsgrupper der det er føremålstenleg.

PEDAGOGISK PSYKOLOGISK TENESTE (PPT)

Tenesta skal hjelpe skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa til rette for elevar med særskilde behov. Den pedagogisk - psykologiske tenesta skal sørge for at det vert utarbeidd sakkunnig vurdering, der lova krev det.

På produksjonsskulen er det psykolog frå PPT tre timar pr måned. Psykologen kartlegg tilviste ungdomar, og koplar eventuelt på andre hjelpeinstansar.

Presentasjon av verkstadane

GENERELT OM PRODUKSJONEN

Produksjonsskulen er basert på ein reell produksjon med sal av varer og tenester. Skulen har, gjennom ulike prosjekt, utvikla samarbeid med private, næringsliv og organisasjonar i Bergensområdet. I starten nytta ein seg av tilsette sine kontaktar, men har etter kvart fått førespurnad frå kundar som har høyrte noko positivt om produksjonsskulen, og ønskjer å bestille ei vare eller teneste. Produksjonen er unik ved dei ulike verkstadene, og det vert også lagt til rette for oppgåver i samarbeid mellom verkstadane. Eit godt døme på felles samarbeid var oppdraget for Landsturneringen 2018, ei samling av fotball- og handballspelarar med særskilde behov, arrangert i Bergen. Oppdragsgivar var Hordaland Fotballkrets. DH-verkstaden utforma grafisk informasjonsmaterieil og programblad, RM serverte mat til spelarane og kulturverkstaden bidrog med underhaldning, produserte film og tok lagbilete.

Produkta vert marknadsførte gjennom sosiale medie og «jungeltelegrafan». Hyssingen produksjonsskole sin omsetnad er regulert gjennom retningsliner for sal av varer og tenester. <https://drive.google.com/file/d/1FAWALLjGTGZf4iz-GMwMPA3j-N8vpXfv/view?usp=sharing>

Rutinen skal sikre at Hordaland fylkeskommune v/Hyssingen produksjonsskole kan dokumentere at prosess knytt til innkjøp og sal av varer og tenester til ei kvar tid følj gjeldande lover og retningsliner.

VERKSTADANE

Design- og handverkverkstaden («DH»)

Verkstaden vart operativ i 2017 og utviklar seg stadig med nye produkt for sal, og med å skape verdfulle felles prosjekt. På Design- og handverksverkstaden er utprøving av ulike teknikkar ein del av designutviklinga på verkstaden, både for eiga utforsking og for å fornye og tilføre nye produkt. Ungdomane får erfaring med produksjonsarbeid og å forholde seg til eksterne oppdragsgivarar. Dei lærer å løyse oppgåver innan grafisk design og illustrasjon. Design, redesign og produksjon av klær er eit tilbod i verkstaden, og hausten 2018 vil ungdomane også få erfaring med leire og å utvikle keramikkprodukt. I samarbeid med andre verkstader er det tilgang på utstyr innan foto, film og trearbeid. Teikning/måling er også ein viktig metode for å utvikle form- og fargekompetanse.

Ungdomane vil også ha høve til fordjuping innanfor interessefelt i faget. Produkt som er laga er i stor grad eit resultat av prosessar der ungdomen sine egne ønske er vidareutvikla og tilpassa gjennom dialog, rettleiing og praktisk arbeid.

Design og handverksgruppa reiser på ekskursjonar til utstillingar, verkstader og ateliér for inspirasjon og læring. To dagar per veke hospiterer verkstadleiar frå

bygg- og anleggsverkstaden på DH, der ein har felles produksjon og samarbeid på tvers av verkstadane.



Kulturverkstad («KV»)

På Kulturverkstaden produserer ungdomane varer og tenester innan musikk, film og media. Dei lærer korleis ein produksjon av større og mindre konferansar skal gjennomførast audiovisuelt, og korleis ein teknisk kan produsere musikk- og konseptfestivalar. Verkstaden opptrer med song og musikk frå scene, og produserer dokumentarar og «video-teasers» til bruk i sosiale medium. Ein dag per veke er det lagt til rette for samspel i øvingslokalet på Hyssingen produksjonsskole, då fleire av ungdomane spelar instrument.

For å kunna lukkast på denne verkstaden set ein høgare krav enn elles på produksjonsskulen. For å gjennomføre produksjon og gi oppleving av meistring må ungdomane øva på sjølvstendig arbeid. Planlegging av dagen og avgjerd om produksjon blir fatta rundt bordet i morgonmøter, der alle må møta. Ungdomane opplever ekte produksjon, som utviklar både gruppa og den einskilde. Verkstaden opererer i ei abstrakt verd, gjerne med lang produksjonsstid. Eit forpliktande arbeidsfellesskap er avgjerande for å lukkast. Samstundes er det lagt til rette for å ha tid til å utvikle eigne interesser innanfor faget. Verkstaden har gode kontaktar i kulturlivet i Bergen, og det vert lagt til rette for praksisperiodar. I 2018 har ein hatt samarbeid med Gamut, Griegakademiets senter for musikkterapiforskning, der ungdomane har vore involverte i EU-prosjektet «STALWART». Her er føremålet å få musikkterapi inkludert i ordinær undervisning. Produksjonsskulen skal i oktober 2018 vere vertskap for ein konferanse med musikkterapi som tema.

Kulturverkstaden har avtale om faste oppdrag der ungdomane er involverte i teknisk produksjon av festivalar og konferansar. Samarbeidspartnarar her er m.a. BIKF (Bergen Internasjonale Kultur Festival), Bergen Design Festival og

Hardangerkonferansen. Det er stor fallhøgde om noko skulle mislukkast, då her er tilreisande foredragshaldarar og mange tilskodarar i salen.



Restaurant- og matfagverkstad («RM»)

På Restaurant og matfagverkstaden (RM) får ungdomane undervisning i bruk av faguttrykk, kjøkkenterminologi og bruk av moderne kjøkkenutstyr. Undervisninga er praktisk, og teori blir fletta naturleg inn i undervisninga. Ungdomane får opplæring i koke- og steikemetodar, baking og tilverking av varm og kald mat. Måltida har ei viktig rolle både i eiga utvikling og i utvikling av fellesskapet. Den gode samtalen oppstår gjerne rundt bordet, og som for ungdomar flest treng ein vektleggja sunt og næringsrikt kosthald.

RM sin hovudproduksjon er drift av nabolagskaféen, «Hyssingen kafé & bakeri», som er open fire dagar pr veke frå klokka 10.00 til 15.30. Her får ungdomen øvd seg i kundekontakt. Dette er eit bindeledd mellom skule og lokalsamfunn, samstundes som at kafédrift er ein føresetnad for å bli godkjent lærebedrift i kokkefaget. Ungdomane tek imot bestillingar, deltek i produksjon av bakverk og lunsjretter, og har ansvar for serveringa. RM leverer catering til ulike samarbeidspartnarar, og er ein verdiskapar gjennom servering av måltid til vaksne og ungdomar på skulen.

I 2017 vart Hyssingen produksjonsskule godkjent lærebedrift, og har to kokkelærlingar. Deler av læretida er i samarbeid med De Bergenske, som tek imot lærlingane i periodar på hotellkjøkken. RM samarbeider med REISOS (Opplæringskontor for kokk og servitørfag), og deler av læretida kan bli godskreven etter gjennomgang av læreplanmål gjennom produksjon ved skulen.



Bygg- og anleggsverkstad («BA»)

På bygg- og anleggverkstaden arbeider ungdomane med produksjon innan betong- og treprodukt. Ungdomane lærer å nytte verktøy og materiale dei truleg vil møte på byggeplassar. Dei får konkrete arbeidsoppgåver, og må nytte ulike reiskap til å løyse oppgåvene. Dei lærer å planleggje og gjennomføre, og å arbeide i grupper med fokus på gode haldningar til HMS. Gjennom produksjon skal ungdomane tileigne seg kompetanse i samsvar med krava som vert stilt i eit arbeidstilhøve eller i utdanning.

Ungdomane utfører byggrelaterte oppdrag som t.d betongmurar og rekonstruksjonar heime hjå kunden. Dei byggjer terrassar, utfører forskalingsarbeid på naust og diverse trappar, og på betongveggar.

Inne på verkstaden er det utvikla produkt for sal, gjerne etter bestilling, der ungdomane er med i så mange trinn av produksjonsprosessen som mogeleg. Dei får varierte arbeidsoppgåver og får brei arbeidserfaring då dei deltek gjennom planlegging, kreativ utvikling og bruk av profesjonelt verktøy. Det vert produsert blomkassar og betongbenkar. BA - verkstaden produserte betonglysestakar som gåve til føredragshaldarane på Nasjonal folkehelsekonferanse i Bergen i oktober.

BA - verkstaden mottok pris for «Årets prosjekt 2017» for utsmykking av Korskirkeallmenningen og Kong Oscars Gate, i samarbeid med Bergen kommune og «Fuggibaggi».



ORGANISERING AV DAGEN

Arbeidsdagen

Ungdomane startar arbeidsdagen med felles frukost klokka 09.00, og arbeider til klokka 15.30. Skulen har ingen «ordinær» timeplan, men organiserer dagen etter dagens produksjon. I Kulturverkstaden og Restaurant og matfag er oppdraga slik at ungdomane stundom må arbeide kveld eller helg. Her er ein avhengig av godt oppmøte og felles bidrag. Likeeins at det er gode relasjonar og bra arbeidsmiljø, der både unge og vaksne støttar kvarandre.

Skjema viser utdrag frå arbeidsplan ved Kulturverkstaden september/oktober 2018:

Kulturverkstedet
Sept - oktober 2018 - Oppgaver


Emne / Deadline	Oppdragsgiver	Beskrivelse
Presse	Landsturneringen	Kontakte BT / BA om pressesak på samarbeidet mellom Landsturneringen og Hyssingen
Videoproduksjon Teaser 07. sept	Landsturneringen	Kontakte Tommy Urhaug og avtale dato for filming Leverer tirsdag 22/8
Konferansestyring 07. sept 09 - 16 Salem	Landsturneringen	OBS! Format Innhenting av presentasjoner Powerpoint 20 sek automatisert
Videoproduksjon Filmsnutter 07. sept	Landsturneringen	Filmteam: Sjekke det som er filmet Klippe
Åpningsseremoni 07. sept	Landsturneringen	Get in kl 11:00 Torgalmenningen Sjauing og bæring - Landsturneringslåt Start åpning kl 17:00 - Jonas "Hele jævla gjengen" Fra kl 20:00 ønske om Dj backup på Scandic Bergen Vi tar med BOSE OBS! Filmteam
Teaser Davy/Marthe /Helge	Landsturneringen	Kontakte Davy, avtale tid for filming.
Rigge scene Gimle skole 8. sept	Landsturneringen	Get in: 10:00 Lys, lyd, dekor.
Maskoter Nymark	Landsturneringen	To Maskoter Kl. 9 - 14 (Daniel, Erik)
Musikkvideo	Landsturneringen	Nedskalere // Produseres under turneringen - klippes i etterkant av turneringen og levers Landsturneringen
Medaljeseremoni Gimle skole Vignett 09. sept 11 - 17	Landsturneringen	Get in kl 09:00 Første lag ferdig kl 10:00 Vignetter til avspilling (Etter opprop av lag, og under overrekkelser) Fotograf - fotovegg
Kamper etc Nymark 08 og 09 sept	Landsturneringen	Innholdsleverandør til Sosiale Media (Ellinor) Filme stemningsrapport (følge en/to personer?)
Konferansestyring 20. september Terminus Hall	Liv & Lyst konf.	Teknisk produksjon Live lyd Sceneskifte Klippe film Svare på mail // møte
Teknisk produksjon 14 - 23 Sept	Bergen Design Festival	14. Åpning 17. Cornerteateret 18. Litteraturhuset Møte 27. aug - Hyssingen
Film	HFK	Svare på mail // vedrørende møte
Teknisk produksjon 24 okt.	Balanse konferanse	Møte tirsdag 28. august på Hyssingen

Kvar torsdag er det «annan aktivitet» etter lunsj, med vekselvis kompetansegejevande kurs eller fysisk fostring. Nokre ungdomar har også hatt opplæring i fellesfag som førebuing til privatisteksamen.

Oppmøte

Produksjonsskulen har gjennom treårig drift utvikla eit system med føremål å ivareta den einskilde ungdom og deira utfordringar. Det vert praktisert 15 % fråværsregel. Konsekvensane ved for mykje fråvær vert vurdert ut frå ungdomane sine føresetnader (t.d helse og bakgrunn). Frå første samtale med ungdomen blir det presisert kor viktig det er å ha stabilt godt oppmøte og god kommunikasjon ved fråvær. Skuleåret 2017/2018 har produksjonsskulen utsett oppstartstidspunktet med 30 minuttar, og meiner å ha hausta gevinst av dette. Ein ser no ei positiv utvikling med omsyn til oppmøte, der fråveret er redusert frå 19,5 % i 2016 til 10,7 % så langt i 2018. (Jf. tabellen under). Nedgang i udokumentert fråvær kan også skuldast meir bevisstgjerig, forståing for skulen

sine rammer og reglement, godt samarbeid med OT m.m. Det må også nemnast at talet på ungdomar som fell frå i avklaringsperioden har gått kraftig ned i 2017/2018, samanlikna med dei to fyrste driftsåra. Ein arbeider kontinuerleg for å få redusert fráværet.



Dansk produksjonsskulemodell

I etablering av Hyssingen produksjonsskule har ein henta inspirasjon frå dansk produksjonsskulemodell. Produksjonsskulane i Danmark vart etablert på 70-talet, og har i dag over 80 skular med eiga lovgiving. Hyssingen produksjonsskule har hatt samarbeid med Produktionsskoleforeningen (www.psf.nu), som ein god inspirator og rådgivar i etableringsfasen. Produktionsskoleforeningen definerer ein produksjonsskule slik: *Produksjonsskolene tilbyr individuelle forløp som tar utgangspunkt i hva ungdommen kan og hvordan ungdommen når sitt mål. Læringsmiljøet utspringer av praktisk arbeid i mindre verkstedsenheter og suppleres av et sterkt og sammenhengende ungdomsmiljø på skolen. Målet for produksjonsskoledeltagelsen er deltakerens faglige, personlige og sosiale utvikling.*

Grunnprinsipp for dei danske produksjonsskulane definerer følgande:

- 1 Det grunnleggjende kendetegn for produktionsskolerne er praktisk arbejde og produktion.
- 2 Læring foregår i et forpligtende arbejdsfællesskab. Formålet er den unges personlige, sociale og faglige udvikling.
- 3 Den teoretiske undervisning integreres i det praktiske arbejde og i produktion.
- 4 Deltagerne er tilknyttet ét værksted og én lærer, der inddrager deltagerne i så vel produktionen som i skolens øvrige aktiviteter.
- 5 Skolerne tilbyder værksteder med en faglig mangfoldighed og kvalitet, der afspejler det aktuelle arbejdsmarked.
- 6 Deltagere tilbydes undervisning i almene fag, samt kultur og samfundsforhold.

- 7 Produksjonsskolerne optager og udskriver deltagerne enkeltvis. Det sker løbende og under hensyn til den enkelte deltagers behov.
- 8 Deltagerne får udbetalt løn i form af skoleydelse for deres aktive medvirken.
- 9 Produksjonsskolerne støtter den enkelte deltager i at opstille realistiske mål og i at nå disse mål gennem forløbet på skolen.
- 10 Anerkendelse og værdisætning af de unges kompetenceudvikling dokumenteres i et produktionsskolebevis.

FRÅ DANSK TIL NORSK MODELL

DANNING GJENNOM PRODUKSJON

Danning som omgrep på Hyssingen produksjonsskole, og deltaking i produksjon, gjer det mogleg å etablere ein kontekst for sosial utvikling og læring, i tillegg til å gje kompetanse i fag. Danning i produksjonsskulen handlar om at sette seg sjølv til side, å forstå ytre samanhengar, å forstå seg sjølv i samanheng med andre og å kunne handle i desse samanhengane.

Produksjonsskulen driv eit kontinuerleg utviklingsarbeid, og etter at Kunnskapsdepartementet sende ut høyringsutkast til *Overordnet del – verdier og prinsipper*, har ein starta eit grundig arbeid for å vidareutvikle produksjonsskulen i tråd med verdisynd og prinsipp for opplæring som ligg til grunn for overordna del av læreplanen. Tverrfaglege tema som folkehelse og livsmeistring, demokrati og medborgarskap og berekraftig utvikling vert operasjonaliserte slik at Hyssingen produksjonsskole også framover kan lukkast i å vise veg frå ord til handling. Sosial deltaking vil vere ein grunnleggjande føresetnad for personleg, så vel som fagleg vekst. For å oppnå dette treng ein å utvikle mening, som handlar om evna til å oppfatte seg sjølv og verda som meningsfull. Danningsomgrepet og sosial kompetanse vert sidestilt med fagleg utbyte.

I ordinær opplæring er ideen at ein fyrst skal lære, og så skal ein arbeide. I produksjonsskulen er grunntanken at ungdomen lærer medan dei arbeider. Sidemannsopplæring/meisterlære/modellæring handlar om at ein lærer av å arbeide saman med nokon som kan meir enn ein sjølv. Ved at ungdomen tek del i reell produksjon vil dei også oppleve vaksne som rollemodellar og på den måten vil yrkesidentitet vekse fram. Målet med tiltaket er å auke høve til å lukkast i vidare utdanning og arbeidsliv. Trivsel, gjensidig tillit, samhald og lagånd er viktige omgrep for å kunne gjennomføre oppdrag for eksterne kundar. Opplæringa har som målsetting å bygge sjølvtilit og eigenverdi gjennom gode meistringsopplevingar og samhald, og ved å skape trygge rammer, tett oppfølging og stor grad av fleksibilitet og individuell tilpassing. Livsmeistring, sjølvtilit og trygg identitet gjev grobott for personleg vekst og evne til å ta ansvar. I arbeidsmetodar og opplæring ligg danning og livsmeistring til grunn.

Produksjonsskulen har i etableringsfasen støtta seg til erfaringar frå Danmark og etter kvart i Europa generelt, men har samstundes hatt fokus på å utvikle Hyssingen i tråd med rammer, lovgiving og dei moglegheiter som finnest lokalt. Dei danske prinsippa er i hovudsak implementerte i skulen sitt virke, med unntak av punkt 8 der det ikkje vert utbetalt løn til ungdomane. Ungdomane får arbeidstøy, måltid og månadskort på transport

dekka over skulen sitt budsjett. Då opplæringa ikkje gir elevstatus, vert det heller ikkje utdelt ordinære skyskort.

«SKUSSMÅL»

«Produktionsskolebeviset» det blir vist til i punkt 10 i dansk modell, har fått nemninga «skussmål» i Hyssingen produksjonsskole. Dette dokumentet fungerer som ein referanse og er knytt opp mot kompetansemål i dei ulike fag, som medfører at ein kan få godkjent deler av eventuell framtidig læretid. Dette er innført i høve føringar frå Riksrevisjonen (*Undersøkelse av oppfølging av ungdom utenfor opplæring 2015/2016*), som vektlegg å innføre læreplanmål i tiltak som eit steg på vegen til å gjennomføre vidaregåande opplæring. Nemde skussmål blir, i samarbeid med ungdomen, definert og godkjent undervegs i opplæringsløpet for å sikre forståing for målsetting og eigarskap til eiga utvikling. Dette vert ivareteke gjennom regelmessige samtalar mellom ungdom og vaksne under opphaldet ved skulen.

https://drive.google.com/file/d/1Wnxx3eVv5BlfYzuR2a4yt_jg5zs8GEZ/view?usp=sharing



Samarbeid og utvikling

SAMARBEID SOM GRUNNLAG FOR DRIFT

Hyssingen produksjonsskole samarbeider med mange ulike aktørar. Dette tette samarbeidet gjer at mange ungdomar får praksis i ulike bedrifter under opphaldet på

produksjonsskulen. Andre får tilbud om arbeidstreningstiltak i regi av NAV, vekstbedrift eller Bergen Kommune, der dei utfører ordinært arbeid.

Skulen har ei eiga gruppe som saman med ungdomsrådet («elevråd») ivaretek velferd gjennom månadlege sosiale aktivitetar. Kvar torsdag etter lunsj er sett av til denne type aktivitet, der ungdomane to gongar pr månad er på Røde Kors sitt Fellesverk <https://www.rodekors.no/tilbudene/fellesverket/> der dei får mat, tilgang på ulike aktivitetar og har kurs i gatemekling, som fremjar dialog i staden for vald ved konflikhtar. Dei ledige torsdagane er det fysisk aktivitet, med mellom anna yoga.

MENTORPROSJEKTET

Hyssingen produksjonsskole vart i 2015, etter søknad til Bergen Næringsråd, tildelt støtte til eit 3-årig pilotprosjekt for å etablere ei mentorordning for skulen sine elevar med oppstart hausten 2016. Målsetting for prosjektet var meint å vere fråfallsførbyggjande ved at elevar gjennom relasjon til ein mentor skulle kunna få styrke sin sosiale kompetanse, oppleve auka meistring og motivasjon for gjennomføring av vidaregåande opplæring og derved motvirke eventuelt framtidig utanforskap.

I desember 2015 vart Høgskulen på Vestlandet (HVL) invitert til eit samarbeid om utvikling og gjennomføring av prosjektet. Det spesielle i denne ordninga er fokuset på jevnalderdimensjonen eller relasjonen ung-til-ung. Mentorane vert rekrutterte blant studentar med god kjennskap til ungdomskulturen, bruk av sosiale medier, prestasjonspress både i og utanfor skule, og utfordringar knytt til motivasjon og val av utdanningsretning. Mentorane vart henta frå studiet i vernepleie og sosialt arbeid, med relasjons-/kartleggings-/meistringskompetanse som ein del av fagkretsen.

Rammene for kvart prosjektår har vore 20 samlingar mellom elevar og mentorar. Nokre har vore fellessamlingar, men dei fleste har vore møte mellom to-og-to der eleven sine behov har vore i sentrum for samtalar og aktivitet. Jf. punkt om bakgrunn/målsetting for prosjektet. Mentor har til dømes teke med elev på omvising på HVL og hatt samtalar om utdanningstilbod der.

Utvikling av mentorordninga er i dag eit samarbeid mellom Bergen Næringsråd, Hyssingen produksjonsskole og HVL. I tillegg er det knytt kontakt for utveksling av erfaringar med Århus kommune, som i fleire år har hatt ei mentorordning for framandspråkleg ungdom.

Det er eit uttalt ønske å kunne styrke kompetansen på mentorordningar for vanskelegstilt ungdom. Vidare trengs det meir kunnskap når det gjeld å utvikle metode for å kartlegge behov og skreddersy mål for den einskilde, og for å utvikle standardar eller indikatorar som kan brukast til å evaluere slike ordningar. Frå HVL si side er det innværande år sett av FoU-midlar til dette arbeidet, og det vert søkt om forskingsmidlar frå Regionalt forskingsfond Vestlandet. Dette for å kunne sjå nærare på korleis ein gjennom mentorordningar kan påvirke bortvalg og fråfall blant ungdom i vidaregåande skule. Det er etablert rutinar for oppfølging av elevar og mentorar, inkludert metode for evaluering. Resultata vil bli presenterte etter at pilotprosjektet er ferdig i 2019.

INTERNASJONALT ARBEID

Produksjonsskulen samarbeider med seksjon skule i opplæringsavdelinga, og har gjennom internasjonaliseringsprosjekt fått delteke i ulike utviklingstiltak.

Hyssingen produksjonsskule er teken opp som observasjonsmedlem i IPSO (International Production School Organization), og var sjølv vert for organisasjonen si generalforsamling hausten 2017. IPSO har medlemmar frå Danmark, Tyskland, Frankrike, Austerrike og Finland der produksjonsskulemodellen er sterkt representert. Gjennom dette samarbeidet får ein verdfull kunnskap om andre produksjonsskular i Europa.

Det er også oppretta samarbeid med skular i Portugal og på Grønland. Det vil bli søkt midlar gjennom Erasmus + for å kunna ha utveksling med skulen i Portugal. Dagleg leiar på Hyssingen produksjonsskule er invitert til Grønland i november 2018 for å vere med utvikle samarbeidet og bidra inn i ein nystarta produksjonsskule.

Det er oppretta eit prosjekt med Bloom Foundation i Nederland, som skulen knytte kontakt med gjennom eit «Best practice»- seminar arrangert av HFK i 2016. Prosjektet utviklar ein reiskap for å anerkjenne ikkje-formell læring i skulen, og dette vil bli nærare presentert hausten 2018.

Sju ungdomar har reist ut i Europa med Erasmus +, «Aktiv ungdom», der dei har delteke i prosjekt som skal styrke nøkkelkompetanse, ferdigheit og jobbmuligheit. Andre siktemål er å fremme sosial inkludering og aktiv deltaking, og styrke utviklinga av ungdomsarbeid og ungdomspolitikkk på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Programmet har ein sterk inkluderingsprofil. Opplevinga med «Aktiv ungdom» har vore verdifull for dei ungdomane som har delteke.

Kulturverkstaden har delteke i Erasmus +, STALWART, med deltaking frå fem universitet i Europa. Saman med Gamut (Griegakademiet senter for musikkterapiforskning) representerer produksjonsskulen Noreg i prosjektet. Det vert halde ein konferanse på Hyssingen produksjonsskule 31.oktober 2018, som vil vise erfaringar og resultat av STALWART. Prosjektet har som sitt definerte føremål: «Musikk som verktøy i forebyggende arbeid - Inkludering, relasjonell helse og medbestemmelse i skolen».

Kollegiet ved produksjonsskulen har vore på studietur i Danmark, og besøkt Den Økologiske Produktionsskolen i København. Restaurant- og matfagverkstaden har også motteke midler frå opplæringsavdelinga til ein matfagleg studietur til København saman med lærlingane.

Psykisk helse

Rapportar viser tydeleg at talet på elevar med psykiske utfordringar er aukande. Forsking viser ei forverring av ungdom si psykiske helse dei seinare åra (A. Bakken m.fl, Nova 4/2016, og Ungdata). Tema har fått mykje merksemd av politikarar, fagfolk og i media generelt. Nyare forskning viser at det er tydeleg samanheng mellom psykisk helse og læring, og at psykiske vanskar er årsak til mykje av fråfallet i vidaregåande opplæring (NIFU, 9/2014). Ein har dei siste åra blitt meir og meir oppteken av at ungdomane sine aukande plager ikkje berre kan behandlast bort, men at ein må i mykje større grad tenkje førebyggjande og helsefremjande tiltak for å hanskast med dei aukande utfordringane (Skogen JC m.fl *Barn og unges psykiske helse: Forebyggende og helsefremmende folkehelseiltak. En kunnskapsoversikt*, Folkehelseinstituttet. Rapport 2018).

God psykisk helse er ein viktig byggestein i eit godt liv, og kan gje grunnlag for god sjølvkjensle og oppleving av livsmestring. Det bidrar til et godt psykososialt skulemiljø som kan redusere mobbing. Mange unge strevar med å fullføre vidaregåande opplæring, til trass for gode føresetnader for å lære, og mange unge slit med psykiske helseutfordringar. Det vert derfor viktig å vere tydeleg på korleis produksjonsskulen kan leggje til rette for den einskilde ungdom, og korleis og når ein må få hjelp frå helsetenestene. Psykisk helse omfattar spekteret frå plager til sjukdom, og den einskilde sine føresetnader for å meistre eigne helseutfordringar varierer. Tilsette på produksjonsskulen møter ungdommar med ulike utfordringar, og det er viktig at ein har kompetanse til å møte dei som ikkje meistrar liva sine.

Hyssingen produksjonsskole har prioritert psykisk helse i perioden 2016 – 18, og har iverksett tiltak for utvida samarbeid med instansar. Skulen er i ulike saker i kontinuerleg dialog med føresette, BUP (Barne- og ungdomspsykiatrien), PUT (Psykiatrisk ungdomsteam, Bergensklinikkane), DUE (Utekontakten), Barnevern, Ungdomslos (kommunale tiltak), NAV, fastlegar, DPS (Distriktpsikiatrisk senter), psykologar, Vekstbedrifter, PPT og Kirkens Bymisjon. Tilsette har gjennomført erfaringskonferanse med VIP – programmet (Veiledning og Informasjon om Psykisk helse) frå Vestre Viken Sjukehus, der hovudmålet er å gjera unge betre rusta til å ta vare på eiga psykiske helse og bli merksame på kvar ein kan søkje hjelp. Det er også gjennomført diverse seminar om psykisk helse, og ein både ynskjer og treng meir kompetanse på området.

Siden oppstart i 2015 er 19 ungdommar tilvist PPT direkte frå Hyssingen. 87 av 137 ungdommar som har starta på produksjonsskulen er eller har vore i behandling for å få hjelp til å ta vare på den psykiske helsa. Hyssingen produksjonsskole har trong for både helsesjukepleiar og sosialpedagogisk kompetanse. Ei elevteneste med tilsett miljøarbeidar vil også kunna vera til uvurderleg hjelp.

Produksjonsskulen er ikkje ein spesialskule og heller ikkje ein behandlingsinstitusjon, og tilsette skal ikkje behandla sjukdom og lidingar. Ei tilnærming som byggjer på fagleg kompetanse er difor avgjerande for at både ungdom og tilsette kjenner seg trygge i sosial omgang med kvarandre.

Tilstandsvurdering

I oppstarten av produksjonsskulen vart det, i samarbeid med opplæringsavdelinga, utvikla mal for tilstandsvurdering. Produksjonsskulen har utvikla sitt eige vurderingssystem, då den vidaregåande skulen sitt verksemdsbaserte vurderingssystem (VBV) ikkje er direkte overførbart då produksjonsskulen ikkje er definert som ein ordinær skule.

https://drive.google.com/file/d/1McXXyK2VJrb3wC3CYoA_3mz4gnruAcqC/view?usp=sharing


Dette arbeidet er i kontinuerleg utvikling. Denne rapporten, *Evaluering av Hyssingen produksjonsskole* (november 2018), erstattar anna tilstandsvurdering.

Økonomi- inntekter og utgifter

REKNESKAP 2015 TIL OG MED SEPTEMBER 2018

Rekneskap Hyssingen 2015 – 2018								
	2015		2016		2017	pr sept 2018		
Løn	kr	3 485 551	kr	5 328 210	kr	6 413 483	kr	4 842 524
Lokale/husleige	kr	2 575 835	kr	3 705 243	kr	3 816 400	kr	2 948 169
Andre kostnader	kr	6 170 113	kr	5 040 705	kr	3 014 630	kr	2 019 289
Inntekter	-kr	1 878 871	-kr	2 840 646	-kr	2 065 847	-kr	1 332 593
Netto	kr	10 354 643	kr	11 235 528	kr	11 180 683	kr	8 477 389


Tabellen og figurane viser rekneskap for Hyssingen produksjonsskole for åra 2015, 2016, 2017 og til og med september 2018 (fordeling i rekneskapen på hovudpostar).



Utvikling - inntekt av elevproduksjon

Inntekter produksjon

2015	2016	2017	pr sept 2018
kr 68 550	kr 264 332	kr 541 420	kr 377 508



Vidareutvikling av produksjonen ved skulen

Inntektene frå produksjon av sal og tenester dei fyrste to driftsåra viser at skulen var i etableringsfasen, med fokus på utvikling av system og dagleg drift. Som nyetablert opplæringsarena stod kulturbygging, der ungdomar og tilsette skulle skapa tillit, medverknad, inkludering og trivsel både seg imellom og eksternt høgt på dagsorden. I vurderinga frå overgang frå prosjekt til drift er det viktig å sjå på den økonomiske utviklinga av produksjonen. Det har vore ei jamn og god utvikling frå oppstarten og fram til i dag. Tala viser ei positiv inntektsutvikling av elevproduksjon/drifta, og tyder på at produksjonen ved utgangen av 2018 vil vera på same nivå som i 2017.

I 2019 vil Hyssingen produksjonsskole prioritera produktutvikling, og sal av varer og tenester. Det må skapast gode arena for samarbeid med gamle og nye aktørar. Store oppdrag for Hordaland Fotballkrets, Hordaland Fylkeskommune, Bergen Design Festival og Bergen Kommune har gitt gode erfaringar som produksjonsskulen seier dei vil ivareta. Skulen ser eit potensiale for å auke innteninga i tida framover, samstundes som produksjonen skal skapa meistring og utvikling hjå den einssilde ungdom.

Tilbakeføring til opplæring og/eller arbeid

- kva veit me om aktiviteten til dei unge i dag?


Sidan oppstarten i januar 2015 har 137 (39 jenter og 98 gutar) ungdomar starta på Hyssingen produksjonsskole.

53 ungdomar har etter inntak ikkje fullført tida si ved skulen. Leiar har skriva ut 12 ungdomar grunna manglande oppmøte, og 41 har slutta i avklaringsperioden dei fyrste 14

dagane. Årsak til fråfall er truleg manglande motivasjon, men i hovudsak relatert til den einskilde ungdomen si utfordrande psykiske helse.

Av 69 ungdomar som har fullført er, pr juli 2018, 55 ungdomar i «framtidbyggande aktivitet» innanfor arbeid eller utdanning. Dette utgjør 85 %. Tabellen under viser aktiviteten ungdomane er i ei god stund etter at dei avslutta tida si på produksjonsskulen.

Aktivitet	Etter avslutta produksjonsskule	I dag
Ordinær vgs	15	14
Spes. vgs	1	5
Fast arbeid	6	15
Fagskole/student	6	7
Lærling	7	9
Folkehøyskole	5	1
Arbeidstrening NAV	7	3
Attføringsbedrift	3	1
OT	7	2
Arbeidssøker	4	6
Behandling	2	1
Flyttet utenlands		1



Tabellen kan tolkast som at opphaldet på Hyssingen produksjonsskole gir varige resultat.

Vegen vidare

HARDANGER PRODUKSJONSSKULE


I Fylkestingsak, PS 15/2018, 6. mars 2018 «*Vurdering av framtidig behov for produksjonsskular*» vart det vist til at produksjonsskulen framstår som eit tydeleg alternativt opplæringsløp, som er innretta mot måla om gjennomføring i den vidaregåande opplæringa. Fylkeskommunen har ei lovfesta oppgåve i å bidra til å oppnå målet om tilbakeføring for ungdom som fell ut av opplæring og arbeid.

Med bakgrunn i det gode arbeidet som er lagt ned på Hyssingen produksjonsskole, og dei dokumenterte resultata for den einssilde ungdomen, ynskjer Hordaland fylkeskommune å vidareutvikle og satse på produksjonsskule som eit viktig og effektivt tiltak mot fråfall i vidaregåande skule. Hardanger produksjonsskule er etablert som ei avdeling under Hyssingen produksjonsskole, og innsøking av ungdommar er planlagt i november 2018. Skulen skal vera eit heildøgnsstilbod for unge i Hordaland, og det er også opna for ungdom frå Sogn og Fjordane.

Tilråding

På bakgrunn av dokumentasjonen som er innhenta og resultata som føreligg, tilrår ein at Hyssingen produksjonsskole frå 01.01.2019 vert etablert som eit fast tiltak med rammer tilsvarande dagens nivå. Målsettinga med forsøket, nedfelt i prosjektplanen, viser at produksjonsskulesatsing gir resultat.





HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

